



Sunnfjord
kommune

Vurdering av strukturtiltak

Tiltak 2 Kontinuerleg barnehageopptak



Innhald

Tiltak 2 barnehage: Kontinuerleg barnehageopptak	3
Beskriving av tiltak.....	3
Konsekvensar	4
Økonomisk effekt.....	4
Konsekvensar for barna	5
Konsekvensar for tilsette	5
Konsekvensar for lokalsamfunnet.....	5
Effekt- og konsekvensmatrise	5
Konklusjon	6

Tiltak 2 barnehage: Kontinuerleg barnehageopptak

Start | 01.12.2024

Slutt | 15.08.2025

Beskriving av tiltak

Tiltaket går ut på at vi gjer følgjande endringar i barnehageopptaket:

Sunnfjord kommune gjennomfører eit hovudopptak for barnehage.

Det vart i KST 073/21 økonomiplan 2021 til 2025, vedteke at Sunnfjord kommune skal ha kontinuerleg barnehageopptak i kommunale barnehagar. Vi skal gje tilbod til alle som ynskjer plass i barnehage, uavhengig av om ein har lovfesta rett eller ikkje.

Kommunale barnehagar har tatt inn mellom 24 og 29 barn kvart år som ikkje har lovfesta rett, der 16 til 20 av dei er 0 åringar som har fått tilbod. Sunnfjord kommune styrer ikkje private barnehagar, og dei vel sjølv om dei tar inn barn utan rett. Dei får tilskot til barn som er tatt inn frå 15. desember. 01. desember 2023 hadde private barnehagar tatt inn 8 barn. Når kommunale barnehagar gjorde sitt opptak, tok private barnehagar inn ytterlegare 6 barn.

Kontinuerleg barnehageopptak er kostbart, og ikkje lovpålagt. Kommunen må fullfinansiere det kontinuerlege barnehageopptaket, det føl ikkje finansiering med sidan det ikkje er ei forventning nasjonalt at ein gjennomfører kontinuerleg opptak og tek inn barn utan lovfesta rett, samt 0 åringar.

Lov om barnehager(barnehageloven)

«§ 16. Rett til plass i barnehage

Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter.

Barn som fyller ett år i september, oktober eller november det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage innen utgangen av den måneden barnet fyller ett år i samsvar med denne loven med forskrifter.

Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt.

Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen.»

Barn som det ikkje er søkt plass for etter hovudopptaket og barn som er fødde frå 01. desember til og med august året etter, har ikkje rett til plass i barnehage før ved nytt barnehageår. Døme: Barn fødde i desember 2024 og barn fødde frå januar til

juni 2025 har ikkje rett til barnehageplass før august eller den månaden dei fyller eit år i 2025.


Konsekvensar

Økonomisk effekt

Det kontinuerlege barnehageopptaket for 2024 er vi ferdig med, men vi kan få noko effekt om vi ikkje tek inn barn frå desember 2024. Den store effekten får vi i mindre kostandar i 2025 i både private og kommunale barnehagar. I tillegg vil det påverke tilskotet til private barnehagar frå 2027.

	Budsjettår	Økonomiplanperiode				
		2024	2025	2026	2027	2028
Forventa effekt			3 000	3 000	4 500	4 500

Tiltaket kan gje 1/12 effekt i desember 2024, månadsbeløp av eit par årsverk. Det er estimerte tal som er sett inn i tabellane og det ligg noko lågare enn det kan bli. Fordi effekten av tiltaket blir ulikt etter kva alternativ 1 til 4 ein legg seg på.



Figur 35 Driftstilskot til private barnehagar for barn utan lovfesta rett til barnehageplass

Kostnaden i tilskot til private barnehagar for kontinuerleg barnehageopptak ligg mellom 2-5 mill. kroner per år.

I tillegg til driftstilskot til private barnehagar har kontinuerleg barnehageopptak ein kostnad i kommunale barnehagar. I 2022 hadde kontinuerleg barnehageopptak i kommunale barnehagar ein kostnad 1,6 mill. kroner og i 2023 var kostnaden 1,1 mill. kroner.

Konsekvensar for barna

Foreldre som har barn, og barn som er fødde etter dato for lovfesta rett vert råka av tiltaket. Barnegruppa som er etablert i barnehagen må forholde seg til nye barn gjennom heile barnehage året. Nye barn kjem inn i etablerte barnegrupper.

Konsekvensar for tilsette

Dei tilsette får nye barn inn i barnegruppa gjennom heile året. Det blir tilvenning av barn gjennom heile barnehageåret.

Konsekvensar for lokalsamfunnet

Slik det er i dag får småbarnsfamiliar som flyttar til Sunnfjord kommune plass i barnehage. Dei som bur i kommunen får barnehageplass når dei ynskjer det, og før nytt barnehageår.

Effekt- og konsekvensmatrise

Det kontinuerlege barnehageopptaket for 2024 er vi ferdig med, men vi kan få noko effekt om vi ikkje tek inn barn frå desember 2024. Den store effekten får vi i mindre kostandar i 2025 i både private og kommunale barnehagar. I tillegg vil det påverke tilskotet til private barnehagar frå 2027.

		Effekt og konsekvens				
		1	2	3	4	5
Konsekvens	1	1	2	3	4	5
	2	2	4	6	8	10
	3	3	6	9	12	15
	4	4	8	12	16	20
	5	5	10	15	20	25
		Effekt				
		1	2	3	4	5

Låg	Høg
-----	-----

For effekt er 1 = veldig låg, 5 = veldig høg. For konsekvens er det motsatt. 1 = veldig høg, 5 = veldig låg.

Effektverdi	Konsekvensverdi	Matriseverdi
5	4	20

Vurdering:

Tiltaket er vurdert som 20. Det har høg effektverdi, men vil ha noko konsekvens for dei familiene det råkar. Tiltaket er vurdert som grønt.

Konklusjon

Vedtak om å slutte med kontinuerleg opptak, og berre gjennomføre eit hovudopptak.

Å avslutte det kontinuerlege barnehageopptaket er avgjerande dersom barnehagesektoren skal kome i mål med innsparing og omstilling. Det er ikkje eit lovkrav, og det utfordrar sektoren både økonomisk og i høve bemanning. I tillegg skapar det uro og lågare kvalitet for barna som har endring i barnegruppene gjennom heile året. Om ein ikkje utfører endring må det settast av 4,5 millionar til tiltaket årleg.